



Granitt

I lydopptaket på framsida seier Martines Haldorsen (far til Haldor som bygde den første Rubb-motoren) at det kom svenske steinarbeidarar til Rubbestadneset i 1863, og at dei her hogg ut stein til ein molo som skulle byggast tvers over Skoltegrunnen i Bergen. ”Nils Svenske” var formann for gjengen på 6-8 mann som arbeidde med Skoltegrunnskaien for ingeniør Bruun i Bergen. Andre svenskar som er nemnde er Sivert Eriksson og Bredo Andersson. Dette var nok hardhendte karar, og opplevingar med råsterke steinarbeidarar som skamfor kvarandre i fylla gjorde sopass inntrykk på den unge Martines at han vart ein dedikert fråhaldsmann heile sitt vaksne liv. Men det var óg frå desse at Martines lærte smedkunsten, så påverknaden frå dei tilreisande steinarbeidarane var mangslungen. Smia på Rubbestadneset skulle etterkvart bli ein svært viktig arbeidsplass.

Etterkvart blanda lokale menn seg inn i steinbrytinga både langs Innværfjorden, Urangsvåg og ved Rolvsnes, og lærte seg snart teknikkane. Langs Innværfjorden var det langs to strekkingar det vart arbeidd; frå Tongane til Mækjebakken og i Stongarvågen omlag der brua går. Ved Higrabrotet arbeidde lenge dei tre brørne Anders, Andreas og Endre Pedersen, som alle tidlegare hadde vore i granittbrotta ved Fredrikstad og tok med seg god erfaring derifrå. Karl M. Folgerø var ein av dei lokale som lærte seg kunsten og spesialiserte seg på gatestein. Handelsmann Petersen i Folderøy var kontrollmålar for kjøparar i byen og stabla dei ferdige steinane med avkorta pyramideform i ei trerame på 1x2 meter. Gatesteinen vart sortert i tre grupper, korpå 1.ste sortering gav best pris på 10 øre stykket. 30 stein pr. dag var det meste ein kunne klare, noko som knapt gav eit levebrød. Men Martines Haldorsen var sjølv som unggut med karane Urnæs og Petersen og braut stein til Kjøttbasaren i Bergen med ei løn på 1,60 for dagen, noko han syntes var god betaling for ein urøynd unggut. Sandvikskirken i Bergen (1880) er óg av bømlagranitt, sameleis trappa på den gamle Bergen Tekniske skole (1876), idag Kunsthøgskolen i Bergen.

Steinhogging skal ha vore så vanleg langs Innværfjorden rundt forrige århundreskifte at kvar mann som åtte litt strandlinje stod der og hogg gatestein om kveldane i lyset frå ei parafinlykt. Steinen hogg dei til med ei tønne med sand som ”bord” og underlag. Slik vart steinarbeid heimeindustri for rubbarane i desse tiåra marknaden etterspurde slikt. I 1900 vart det levert heile 36 000 brustein frå Rubbestadneset! Seinare, då ny dampskipskai og fabrikkhus i 1912 skulle murast for Wichmann i Rubbestadneset, kunne Martines henta drevne, lokale steinarbeidarar frå bygdene rundt Innværfjorden.

Men langvegsfarande skulle enno lenge vera sentrale i steinhoggarmiljøet på Bømlø. August Hjalmar Taipale (1886-1957) frå Vasa i Finland vart etterkvart godt kjend i Bømlø og Fitjar som eminent steinarbeidar og sméd, betre kjend som ”Taipen” eller ”Taipalien”. Han arbeidde mykje ilag med svensken Lars Engström m.fl. på Ospholmsbleikjo på Rolvsnes, der óg bror hans Eino Taipale var med i ein periode. Eino vart sjuk og reiste tilbake til Finland der han døydde relativt ung, medan hans norske kone og dei to borna flytta heim att til Bulandet. Hjalmar vart buande her med familien, og Engström vart gift på Rolvsnes men reiste etterkvart til Amerika. Til

Bømlo var Taipale's komne i 1918 via Sverige og austlandet, truleg langs jernbanelinja og arbeid som var å finne langs den. Karen, kona til Hjalmar var enke med ei dotter frå før som kom med han frå Røyken eller Hvaler. Det har vore spekulert i at Hjalmar var flyktning etter den finske borgarkrigen våren 1918 der han hadde kjempa på Dei Raude si side. Dette stemmer neppe sidan eldste dotter til Hjalmar og hans norske kone Karen vart fødd alt i 1916. Dei fekk tre born saman.

På Ospholmsbleikja fann fleire seg arbeid rundt 1910, og ifølge Bergolf Rolfsnes skal dette ha vore den største arbeidsplassen i Bremnes kommune på denne tida. Steinen skal ha i hovudsak ha blitt seld til Bergen. Det føreligg ein kontrakt mellom eigarane av Ospholmsbleikjo frå 20. september 1913, Bertin og Ole Rolfsnes og leigar O. Kolstad. Prisen er kr. 100,- pr. år når Kolstad tek ut stein, og kr. 20,- dersom han ikkje arbeider der men likevel vil behalde retten. Kontrakten gjev óg rett til å setje opp "stenhuggerskur" og brakke for arbeidarane. Ein annan kjent steinhoggar frå Bømlo i denne tida, Haakon Urangsæter har skrivne under kontrakten som vitne.

Familien til den eminente smeden og steinhoggaren August Hjalmar Taipale budde lenge i ein innreda del av eit naust på Rolvsnes, der yngsteddottera Linnea vart fødd i 1926. I 1929 leigde dei seg nytt husvære på Kolameisebleikjo i Brakedalen. Brakedalen var eit heilt industrielt "senter" på denne tida, med elektrisitetsverk alt frå 1914, og elles med både kvern og hermetikkfabrikk. Dessutan starta Haldor Haldorsen, Ola Olsen og Brikt Madsen bygginga av ny vassdriven kraftstasjon ved Klubbevatnet i 1936/37. "Klubbeverket" leverte frå 1937 heile 40 KW m.a. til Wichmann og var den største straumleverandøren på Bømlo før Blåfalli vart utbygd og Finnås Kraftlag overtok straumleveransen i Bømlo. Demninga til Klubbeverket er enno imponerende og må vera det største granittbyggverket på Bømlo. Både Taipen og andre steinarbeidarar har hatt mykje godt arbeid her, men meir ordna seg for Taipen dette året. I 1936 vann han fem hundre kroner i Pengeotteriet og kunne endeleg byggje nytt hus til seg og familien på Tranøy. Han drøydde pengane godt, og isolerte veggene i det vesle huset med tørka skjelsand.

August Hjalmar var elles kjend som både urmakar og våpensmed. Jakt på sjøfugl, niser og mink var hyppig syssel. Under krigen kom han og kona eingong roande då ei nise dukka opp like ved båten. I det same seig ein tysk vaktbåt rundt næraste nes, og Taipen visste vél at private skytevåpen var forbodne. Han let det likevel stå til og skaut nisa framfor nasen på den tyske vaktbåten. Då han og kona fiska fangsten opp i båten med ei greip, vart tyskarane så imponerte at dei istadenfor å arrestere Taipen for det ulovlege våpenet, klappa for skotet og let han behalde både våpenet og nisa. Kameraten hans Lars Engström hadde reist i førevegen til Amerika, medan familien hans førebels sat att på Rolvsnes. Då Engström fekk brev om at yngsteddottera Ruth på 3-4 år hadde drukna, skreiv han tilbake til "Taipen" om han kunne laga ein fin kors i granitt til grava. Som betaling skulle han få eit gevær då han kom heim. Hjalmar tok oppdraget, og heilt til det siste skal den usedvanleg vakre korsen ha vore å sjå på den gamle kyrkjegarden på Gåsland.

Han leverte óg alle steinblokkene til kaien på Skjeret i Brandasund tidleg på 1930-talet. Steinen tok han ut på Esperøy ved Rubbestadneset iflg. Bjarne Waage. Steinmuren i samfunnshuset i Fitjar, bygd i 1957 er óg bygd med Taipens stein ifrå slutten av hans livsverk.



Sjølv om han var ein liten og spedlemma mann, var det ingen som borte hol i granitt raskare enn Hjalmar Taipale. Han hadde perfekte treff med den smale feiselen på boret, og fekk med det full effekt av alle slaga. Handlaget og den ubrotne rytmen han hadde lært seg i smia kom til god hjelp i steinarbeidet.

Hjalmar døydde i 1957. Helsa hadde skranta på slutten, visstnok av å ha stått ”med varme i magen og kola i ryggen”, dvs. med essevarmen mot magen og nordavinden i ryggen.

Utanom kaiar og husmurar av beste kvalitet står elles to særmerkte vitnemål igjen etter Taipalebrørne i øyane våre; soluret sør på Natterøy og signaturen til Eino på Steinbleikja, eller Ospholmsbleikja som ho opprinneleg heitte, nordom Rolvsnes. Slik signerte dei det øyriket dei hadde levd og virka i, langt frå dei finske heimtraktene sine.

I Urangsvågen tok steinbrytinga seg sterkt opp frå 1880-åra og framover. I 1905 vart det teke ut 800 tonn granitt frå ”Urrangsvaag Granitbrud”, til ein verdi av kr. 12.000,- Granitten frå Urangsvågområdet gjekk til firmaet P.G. Rieber i Bergen, eit firma som alt i 1885 hadde gjort avtale med grunneigarane i området om retten til all stein frå gardane rundt Urangsvåg i 15 år.

Fleire lokale karar på Gåsland, Urang, Urangsæter og Særsten lærte seg kunsten og vart vidgjetne steinbrytarar og –murarar. 21 karar er nemnde i folketeljinga frå 1900 som ”stenbrydere”. Mandius Shei var ein av desse, og hogg ut dei første portsøylene til Bremneskyrkja, med heilt runde granittkuler på toppen (-søylene ligg i ei røys bak BVA på Hollundsdalen, medan kulene idag står på portsøylene inn til gravplassen på Espevær). Meir kjende er likevel Omund og sonen Haakon Omundsen Urangsæter (1867-1960). Haakon hogg m.a. ut minnestøtta for falne under krigen 1807-1814 som står utanfor Korskirken i Bergen, samt trappa i Bremneskyrkja. Det siste då han var over 80 år gamal.

Med kleberstein frå Lykling i kyrkjeveggene og minnestøtta frå Urangsvåg utanfor, har Bømlo fått setja sitt preg på Korskirken i Bergen.

For nokre gjekk steinarbeidaryrket i arv i enno eit ætteledd. Son til Haakon, Knut Urangsæter, vart som både far og bestefar sin steinarbeidar, tidvis på heiltid.

Steinmurane under Rubbestadnes Yrkesskule står m.a. att etter Knut som var kjent for å vera nøyen med arbeidet. Ei historie seier at Knut tilfeldigvis kom forbi då naboen Gunnar Steinsbø skulle dela ein stor granittstein som låg ulagleg til på tomta hans. Han slo til det han makta med slegga, men steinen var av det spretne slaget og slegga ”dabba” tilbake så all krafta frå slaget gjekk rett i hendene på Gunnar. Knut gjekk bortåt og spurde om å få låne slegga, og gjekk så ein runde rundt steinen. Så gav han steinen eit tilsynelatande likegyldig kakk på rette staden, korpå steinen datt fint frå einannan i to halvingar. Den som hadde auge auge for linjer og lag i steinen, slapp å bruke krefter i utrengsmål.

Utvinningsmetode:

Granitten er massiv, men deler seg lagvis etter ”botnalaget”. Loddrett på dette finnest to andre kløyveretningar; ”villkløyvet” og ”busten”. Kunsten var å sjå kor kløyvene gjekk, og både tørke, varme, væte og frost hadde innverknad på kor lett eller vanskeleg steinen var å kløyva. Dette gav grobotn for det som kunne oppfattast som



overtru; ”Taipen” ville t.d aldri slå ut granitt på fløande sjø (eller var det omvendt?). Årsaka må vera at steinen var vår for fuktighet, og at Teipen, medvite eller ikkje, hadde erfart dette.

Dei store blokkene vart mina ut med svartkrut (minérkrut), medan vidare deling vart gjort med å bore rader av opptil 10 cm hol med kilebor og feisel. Når ein så sette to ”blekk” ned i desse hola og slo etter med ein kile, om att og om att langs heile rekka, sprakk steinen langsetter rada.

Endeleg deling til gatestein storleik vart gjort med ein spesiell meisel, utan borehol. Svartkrut vart nytta sidan det detonerer langt seinare enn dynamitt, og ikkje slår sund steinen slik dynamitten vil gjera. Hadde ein brukt dynamitt i granitten vart steinen i stor omkrets ubrukeleg og sprakk i alle retningar.

Til arbeidet hadde ein eit heilt utval av ulike slegger, spett, feislar og borestål (meiselhammar, gatesteinshammar, setthammar, pigghammar, krushammar, brennhammar, patenthammar, kanthammar, pusshammar, spisshakke, kantjern, meislar, kilar og blekk). Taipen laga sjølvsgagt alt verktøyet sjølv, og dessthan produserte han verktøy for sál. Men det seiest at kvaliteten på verktøyet var avhengig av korvidt han likte kunden eller ikkje. Stod du på god fot med finnen, varte boren lenge. I motsett fall var levetida kort.

Då steinprodukta var hogde ut slik dei skulle vera, skulle dei flyttast over i båtar for frakt til byen eller til lokale byggetufter. Til dette arbeidet vart m.a. trefota ”steinbukkar” og taljer nytta, men uansett må desse karane ha hatt både arm- og ryggstyrken i orden. Det skulle den over 80 år gamle Håkon Omundsen Urangsæters arbeid med kyrkjetrappa i Bremneskyrkja vera eit prov på.

B.S. okt. 2011

Kjelder:

Linnea Hatlevik

Ingunn Rolvsnes

Egil Rolvsnes

Sindre Nilsen

Nils Urangsæter

Trygve Haldorsen

Amund Helland, Topografisk-Statistisk Beskrivelse over Bergen, bind II 1916

”Norges Granitindustri”, Carl C. Riiber, Norges Geol. undersøgelse no.12, 1893

Bømlo Bygdebok bind I

Bømlo Bygdebok bind VI

Naturhistorisk Vegbok, Hordaland, 2005

Steinbyen Bergen, Tom Heldal og Øystein Jansen.

<http://www.finnas-kraftlag.no/article/19>

NB! Film om granitthogging her:

<http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/ostfold/1.7596968>